


# *#Norge 2030 – Eit annleis OL*




*PL300L*

Vår historie



Dei olympiske leikane var opphavleg tenkt som ein konkurranse for amatørutøvarar. Venskapleg strid og idretts glede skulle stå i fokus, og viktigast av alt – det skulle skje under rettferdige omstende. OL skulle vere eit samlande arrangement for både deltakarar og tilskodarar. Uansett kven du var og kor du kom frå – i OL skulle alle delta og konkurrere med dei same føresetnadene.

A woman in winter gear, including a dark jacket and a cap, is walking through a crowd of people in a snowy, hazy environment. She is carrying a large backpack with a Norwegian flag and a rolled-up mat. The scene is backlit by a bright light, creating a strong glow and lens flare effect. The text is overlaid on the image, centered horizontally and vertically.

I dag står tanken og ideen om at idretten er for alle i fare. No er det pengane som styrer, den olympiske sjela er forringa og vinter-OL er under press.

Tilliten som folk hadde til leikane er svekka, mykje grunna overdådig bruk av pengar.

Kva hjelper det å investere i flotte idrettsanlegg- og arenaer, når tribunane står tomme og ingenting av det blir brukt i ettertid?

Kva hjelper det å snakka om likeverd, rettar og samhald, når dei olympiske vinterleikane stadig blir lagt til land som er meir opptekne av å vise musklar enn å fremje venskapleg idrettsglede?



Er det ikkje nettopp denne idrettsgleda som har samla heile det norske folk år etter år, heilt sidan Thorleif Haug tok medaljar for Noreg i det aller fyrste vinter-OL i 1924? Og som ei av verdas fremste vintersportnasjonar, skuldar ikkje vi dei olympiske leikar mykje av vårt norske fellesskap?




For OL og PL tilhører ikkje dei få og rike.



Det tilhører ho som står opp klokka 05 for å trene, og han som står opp endå tidlegare for å vekke ho. Det tilhører dei som står i sofaen når vi vinn, og dei som græt når vi taper. Det tilhøyrar dei som spelar ishockey i rullestol, og dei som gjer dét mogleg.





A large crowd of people, many holding Norwegian flags, is gathered on a snowy slope. In the foreground, a skier in a red and white suit is visible, skiing down the slope. The scene is set in a snowy, mountainous area with trees and a wooden structure in the background. The text "Det tilhører oss, folket." is overlaid on the image.

Det tilhører oss, folket.

#NORGE2030  
Folket sin Olympiade





5 pilarar

# Nøktern

I staden for å byggje nytt skal vi i størst mogleg grad oppgradere anlegg som allereie eksisterer i heile landet. Er vi derimot nøydd til å byggje nytt, skal alle anlegg og arenaer kome lokalbefolkninga og breiddeidretten til gode. Vi skal lage heilårsanlegg som kan brukast til idrett og kultur.

Eit OL vil akselerere investeringar som Noreg likevel treng. Døme: Eit eventuelt OL kan vere med på å framskande ei oppgradering av kollektivnettet i dei ulike vertskapsbyane.





# Folkeleg

Vi skal ha ei samhaldskjensle, på tvers av etnisitet og landegrenser. Alle skal føle seg velkomne og ingen skal utelatast. Vi skal ha ein folkefest der alle er med, enten du sit i rullestol eller har andre utfordringar. Fulle tribuner og heiagjeng i skogen. Vi skal få fram nasjonalkjensla, utan å vere ekskluderande. Vi skal fremje likeverd, respekt og glede.

# Heile landet

For å få til dette er vi heilt avhengig av å få med oss heile Noregs befolkning. Difor skal vi tilby eit OL på folket sine premisser. Uansett om du bur i Hammerfest eller Lindesnes, skal du kjenne at dette er eit OL du er med på. Det er ditt.

Dette skal forankrast i heile idretts-Noreg: Vi vil ha alle sine innspel. Korleis lagar vi eit OL for utøvarar og publikum, ikkje for pampar og pengemenn? Vi vil høyre frå fotballspelarar og friidrettsutøvarar, så vel som skiløparar og hockeyspelarar. Vi vil høyre frå deg som spelar basket i rullestol og deg som er langrennsutøvar på kjelke.






# Idretten

Eit OL i 2030 skal kome heile Idretts-Noreg til gode, og i åra etter OL er over. Vi ønskjer at alle nye bygg skal vere multiarenaer som fleire idrettar kan bruke både sommar og vinter. Dette er langtidsinvesteringar som idrettskrinsane i Noreg skal nyte godt av.

Eit OL i 2030 vil skape nye førebilete for unge utøvarar rundt om i heile landet. Som Lillehammer gjorde i 94.

# Nytenking

- Heile landet
- Endre vinter-OL
- Nye generasjonar
- Digitalisering
- Nye kanalar





# #Norge2030 - Øvingar over heile landet

- Vi skal ta heile landet i bruk!
- OL-øvingane skal arrangerast over heile landet. Difor inviterer me fleire kretsar og særforbund med i prosessen.
- Øvingar i ulike deler av landet bygger fellesskap og gjev tilbake til idretten.
- No ynskjer vi å kartlegge kor vi kan arrangere dei ulike øvingane, gjennom samtalar med dei aktuelle idrettskretsane og særforbunda.
- Vi vil invitere alle med i ein open prosess.



# Vi skal bruke eksisterende anlegg og lage kombinasjonsanlegg

- Vi skal bruke eksisterende anlegg for å legge til rette for gjenbruk.
- Dagens anlegg vil verte oppgradert, og det vil vere behov for nybygg og infrastruktur rundt dagens anlegg.
- **Anlegga som skal byggast skal vere fleirbruksanlegg til det beste for heile idretten. Anlegga skal brukast vinter og sommar.**
- Det kan skape idrettsglede for alle idrettar, og anlegg som kan brukast av både eliten og breidda.



**FORNØYD GJENG:** Narvik delegasjon fra.v Roger Solheim, Stein Hjertholm, Florian Aschwanden, Erik Plener, Rune Edvardsen (ordfører i Narvik), Per Lund, Knut Erik Dybdal (delvis skult) Eirik Franzen under åpent styremøte i Norges Skiforbund i forbindelse med norsk VM-søknad i alpin-VM 2017. Foto: Vidar Ruud / NTB scanpix

Narvik blir Norges VM-kandidat i alpint

## Narvik valgt som VM-søker i alpint

Norges Skiforbund gikk som ventet inn for Narvik som vertsby i søknaden om VM i alpint på norsk jord i 2027.

19. NOVEMBER 2018 KL. 19.25

# Eit integrert Paralympics og OL



- Paralympics skal starte før OL og vere ein sentral del av heile arrangementet
  - Betre utnytting av anlegg og organisasjon
- I samband med PL og OL skal idretten ha fokus på folkehelseperspektivet «Heile Norge på snø og is»

# Vårt mål på Idrettstinget i 2019:

Etablere ei arbeidsgruppe som skal utreie moglegheita for eit OL/PL i Norge i 2030 etter desse kriteria:

- Nøkternt
- Folkeleg
- Heile landet i bruk
- Heile Idretts-Norge til gode
- Nytenking



# Eit vedtak om å utreie OL i Norge 2030

- **Vi må få med oss Idrettstinget på å vedta at Norge opnar for å utreie moglegheitene for eit Vinter-OL i Norge 2030;**
  - Ikkje vedta at Norge skal søke, men utreie moglegheitene for dette
  - Styrt av idretten på idretten sine premissar
  - Ein open og inkluderande prosess med sentrale aktørar
  - Ein diskusjon og anbefaling på kva premiss ein søknad til eit mogleg OL skal byggast på. Basert på verdiane openheit, likeverd og fair play.
- Vi ønsker ikkje eit gigant-OL. Vi ønsker eit vinter-OL tilbake til dei verdiane som bygde idretten
- Vi ønsker å løfte Paralympics og arrangere det før OL
- Dette meiner vi det er mogeleg å få med seg norsk idrett på
- Dette trur vi nordmenn ønsker
- Dette trur vi eit fleirtal på Stortinget vil støtte

Vi er verdas beste vinteridrettsnasjon. Den beste vinterolympiaren gjennom alle tider er norsk.

Vinter-OL er ein vesentleg del av norsk kulturarv. Difor har vi eit ansvar for å endre kulturen i internasjonal idrett.

Idretten begeistrar og samlar oss.

No vil vi tilby eit OL og Paralympics som er annleis og på idretten sine premissar.

Vi vil ha deg med på laget for å tilby eit annleis OL.



# *#Norge2030 – Eit annleis OL*

